Austrheim KOMMUNE

# MØTEPROTOKOLL

| | |
|---|---|
| **Utval:** | Kommunestyret |
| **Møtedato:** | 11.12.2025 |
| **Møtetid:** | 15:00 - -21:30 |
| **Møtestad:** | Austrheim samfunnshus, Kantina/salen |

**Frammøtte faste medlemmer**

| Namn | Rolle | Parti | Merknad |
|---|---|---|---|
| Odd-Marthin Totland | medlem | H | |
| Frank Erik Øksnes | medlem | U | |
| Morten Sognnes | ordførar | H | |
| Hege Ramsland | medlem | H | |
| Aslak André Bakke | medlem | H | |
| Per Lerøy | varaordførar | AP | |
| Ann Kristin Leirvåg | medlem | AP | |
| Terje Håland | medlem | AP | |
| Monika Thorpe | medlem | AP | |
| Reidar Ulvøy | medlem | AP | |
| Anette Kaland | medlem | AP | |
| Renee Hansen Semmingsen | medlem | SAM | |
| Ingeborg Lohne Hordvik | medlem | SAM | |
| Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn | medlem | SP | |
| Reidar Øksnes | medlem | SP | |
| Gro Kaland | medlem | SP | |

**Faste medlemmer som ikkje møtte**

| Namn | Rolle | Parti |
|---|---|---|
| Kristoffer Myklebusthaug | MEDL | H |

**Frammøtte varamedlemmer**

| Namn | Rolle | Parti | Merknad |
|---|---|---|---|
| Dag Arne Solberg | | H | |

**Følgjande frå administrasjonen møtte:**

| | |
|---|---|
| Ketil Tjore | møtesekretær |
| Britt Mary Skaalevik Lerøy | kommunedirektør |
| Trine Merete Jansen | kommunalsjef |
| Asbjørn Nagell Toft | plansjef |
| Odd Harald Dommersnes | økonomi- og HR sjef |
| Bjørn Bjørge Torsvik Størkersen | ingeniør VA |

Møteprotokollen vert publisert på kommunen si nettside. Den er mellombels godkjent av utvalsleiar eller ordførar i etterkant av møtet, og vert endeleg godkjent i neste møte.

Ketil Tjore

Møtesekretær

Sakliste

| Saksnummer | Sakstittel | Unntak frå innsyn |
|---|---|---|
| PS 100/2025 | Godkjenning av innkalling og sakliste - kommunestyret 11. desember 2025 | |
| PS 101/2025 | Godkjenning av møteprotokoll frå 4. desember 2025 | |
| PS 102/2025 | Referatsaker til kommunestyremøtet 11. desember 2025 | |
| RS 60/2025 | Spørsmål - reglement for folkevalgte - Kap 18.3 | |
| RS 61/2025 | Presentasjon fra Sigmund Engdal på Regnskapskonferansen 2025 | |
| RS 62/2025 | Kommunegrafene - November 2025 | |
| RS 63/2025 | Gjeldsrapport november 2025 | |
| RS 64/2025 | Møteprotokoll Levekårsutvalet - styringsgruppa 3. november | |
| RS 65/2025 | Møteprotokoll Levekårsutvalet 13. november 2025 | |
| RS 66/2025 | Møteprotokoll Levekårsutvalet - styringsgruppa 1. desember 2025 | |
| PS 103/2025 | Orienteringar frå kommunedirektøren - kommunestyret 11. desember 2025 | |
| PS 104/2025 | Rullering av prioriteringsliste for vatn og avlaup (VA) | |
| PS 105/2025 | Innføring av rentepåslag på startlån | |
| PS 106/2025 | Endring av NGIR sin selskapsavtale - sak til vedtak i eigarkommunane | |
| PS 107/2025 | Styringsgruppa for nytt helse- og omsorgstun - bestillingar til Sweco | |
| PS 108/2025 | Austrheim legekontor - vurdering av organisering | |
| PS 109/2025 | Temaplan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for Austrheim kommune del 1 og del 2 godkjenning, og prioriteringsliste for søknader om spelemidlar 2026 | |
| PS 110/2025 | Tertialrapport 3 med budsjettjustering | |

PS 111/2025 Budsjett 2026 og økonomiplan 2026-2029 - vedtak

# PS 100/2025 Godkjenning av innkalling og sakliste - kommunestyret 11. desember 2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Innkalling og sakliste vert godkjent

**Sak** 100/2025 Godkjenning av innkalling og sakliste - kommunestyret 11. desember 2025
Kommunestyret - 11.12.2025

Handsaming:

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

**Vedtak i sak 100/2025** Godkjenning av innkalling og sakliste - kommunestyret 11. desember 2025
Kommunestyret - 11.12.2025

Innkalling og sakliste vert godkjent.

# PS 101/2025 Godkjenning av møteprotokoll frå 4. desember 2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokoll frå 4. desember vert godkjent.

**Sak** 101/2025 Godkjenning av møteprotokoll frå 4. desember 2025
Kommunestyret - 11.12.2025

Handsaming:

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

**Vedtak i sak 101/2025** Godkjenning av møteprotokoll frå 4. desember 2025
Kommunestyret - 11.12.2025

Møteprotokoll frå 4. desember vert godkjent.

## PS 102/2025 Referatsaker til kommunestyremøtet 11. desember 2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Referatsakene vert teke til vitande.

**Sak** 102/2025 Referatsaker til kommunestyremøtet 11. desember 2025
Kommunestyret - 11.12.2025

Handsaming:

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

**Vedtak i sak 102/2025** Referatsaker til kommunestyremøtet 11. desember 2025
Kommunestyret - 11.12.2025

Referatsakene vert teke til vitande.

RS 60/2025 Spørsmål - reglement for folkevalgte - Kap 18.3

RS 61/2025 Presentasjon fra Sigmund Engdal på Regnskapskonferansen 2025

RS 62/2025 Kommunegrafene - November 2025

RS 63/2025 Gjeldsrapport november 2025

RS 64/2025 Møteprotokoll Levekårsutvalet - styringsgruppa 3. november

RS 65/2025 Møteprotokoll Levekårsutvalet 13. november 2025

RS 66/2025 Møteprotokoll Levekårsutvalet - styringsgruppa 1. desember 2025

PS 103/2025 Orienteringar frå kommunedirektøren - kommunestyret 11. desember 2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Kommunestyret tek orienteringane til vitande.

**Sak** 103/2025 Orienteringar frå kommunedirektøren - kommunestyret 11. desember 2025
Kommunestyret - 11.12.2025

Handsaming:

Rektor i Austrheim kulturskule, Elisabeth Jensen Risnes, orienterte om tilbodet i Austrheim kulturskule. Presentasjonen er ettersendt til kommunestyret.

Marianne Kramer frå Vann Vest orienterte om arbeidet til organisasjonen. Presentasjonen er ettersendt til kommunestyret.

- Reidar Øksnes (Sp) spurte om den gamle praksisen med å få avlaup ut på 10 meters djupne: Der er det gjerne mindre straum som kan spreia utsleppet.

    - Her svara Marianne Kramer at krava til reinsing vil komma sjølv om utsleppet er på djupt vatn. Det vert no gjennomført prøver av resipienten (Fensfjorden) som vil seia noko om dagens utslepp.

- Reidar Øksnes (Sp) spurte om det er mogleg å henta vatnet i Masfjorden/Gulen heller enn frå Alver, for å ha større nedslagsfelt og evt. også trykk utan pumper ved at høgden gjev trykk.

    - Her svara Marianne Kramer at det er viktig å kunna forsyna innbyggarane med vatn sjølv om det er ureinsa, sidan det kan kokast til drikking og vil fungera som det er til avløp. Dette kan ein oppnå ved å ha trykk på vatnet ut frå høgdeforskjell.

- Spurte om det er lagt opp til å ha aggregat ved anlegg i tilfelle bortfall av straum.

    - Her svara Marianne Kramer at det er mange ting som bør ligga klart i tilfelle at det oppstår ei beredskapssituasjon.

Orienteringar frå kommunedirektør Britt Skaalevik Lerøy:

- VA-forskrift lagt på høyring

    - Viktig at også dei folkevalde nyttar høyringstida fram til 4. januar. Ligg ute på heimesida.

- Status helse- og omsorgstun

    - Ventar på skisserapporten, som kjem rundt nyttår/tidleg i 2026.

- Status prosjekt og investeringar

    - Kaland barnehage ferdig med 2 avdelingar som skulle rustast opp, jobbar med den siste.

    - For prosjektet Solend-Førland (VA) er det antyda ein ekstra kostnad på 3,5 millionar kroner pluss moms, mellom anna for å ha nok massar til overdekking av røyr som er lagt ned. Administrasjonen jobbar vidare med denne saka, med bruk av eigen jurist og opp mot entreprenør. Her spurte Reidar Ulvøy om det er laga eit oppsett over tidslinje og kostnadsbruk, meiner dette er etterlyst tidlegare. Sa at dette må ein ta lærdom av. Kommunedirektør Britt S. Lerøy sa at noko planar er presentert tidlegare. Elles var det ein metode her der entreprenøren sjølv prosjekterte, må ta lærdom av korleis dette blei gjort.

- Status avvik

    - Kommunedirektør Lerøy viste oversikt siste månad, denne blir ettersendt kommunestyret.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

**Vedtak i sak 103/2025** Orienteringar frå kommunedirektøren - kommunestyret 11. desember 2025
Kommunestyret - 11.12.2025

Kommunestyret tek orienteringane til vitande.

## PS 104/2025 Rullering av prioriteringsliste for vatn og avlaup (VA)

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Oppdatert prioriteringsliste for vatn og avlaup 2026 vert vedtatt slik den ligg føre (vedlegg)

Handlingsprogrammet vert rullert årleg i samband med økonomiplanen.

**Sak** 111/2025 Rullering av prioriteringsliste for vatn og avlaup (VA)
Formannskapet - 27.11.2025

Handsaming:

Kommunalsjef Bjarte Rosenlund orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

- Vasstårnet på Årås er no kopla frå nettet, og tømt for synfaring og utbetring av rustskadar.
- Per Lerøy (Ap) spurte om det er mogleg å jamna ut trykket i Åråsfeltet i samband med dette arbeidet. Rosenlund svara at ein vil få tatt deler av Åråsfeltet i samband med det arbeidet som er planlagt. Får ein tetta lekkasjar vil det komma seg noko, og planen er også å setja ned fleire kummer og splitta opp vassnettet i feltet med fleire "ringleidningar".

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i utvalet:
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

**Vedtak i sak 111/2025** Rullering av prioriteringsliste for vatn og avlaup (VA)
Formannskapet - 27.11.2025

Oppdatert prioriteringsliste for vatn og avlaup 2026 vert vedtatt slik den ligg føre (vedlegg)
Handlingsprogrammet vert rullert årleg i samband med økonomiplanen.

**Sak** 104/2025 Rullering av prioriteringsliste for vatn og avlaup (VA)
Kommunestyret - 11.12.2025

Handsaming:

Ingeniør Bjørn Bjørge Torsvik Størkersen orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Reidar Øksnes (Sp) spurte kva strategi ein skal velja framover. Skal ein ha fleire høgdebasseng for betre beredskap, og kanskje klara seg med mindre dimensjon på leidningsnettet ved at det er fleire basseng som kvar for seg forsyner mindre område? Spurte vidare om det er mogleg med ein idédugnad for å samla innspel. Her svara Størkersen at dimensjonen på leidningsnettet er mykje styrt av krav til kor mykje brannvatn ein skal kunna ta ut kontinuerleg. Når det gjeld fleire høgdebasseng svara Størkersen at det kan vera eit godt tiltak, men at det kostar meir med fleire basseng enn eit stort. For beredskapens del er det på dagens pumpestasjonar lagt til rette for å kunna driva desse med aggregat, dersom straumen er vekke.

Aslak Bakke (H) sa at det er bra at ein jobbar med å finna og redusera lekkasjar. Bakke spurte vidare om husvassmålarar, her svara Størkersen at det er planen at kommunen kjøper inn vassmålarar og at private så leiger denne om dei vil ha målar. Vil gjera det enklare sidan det er krav til kontroll etter ei viss tid. Må testast etter åtte år, ser for seg at ein skal skifta ut målarane etter åtte års alder, for dei som har ordna seg privat målar i dag. Vil over på digitale målarar for løpande avlesing.

Gro Kaland (Sp) spurte om prioritering, administrasjonen svara at fleire punkt er sett opp med lik prioritering.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

**Vedtak i sak 104/2025** Rullering av prioriteringsliste for vatn og avlaup (VA)
Kommunestyret - 11.12.2025

Oppdatert prioriteringsliste for vatn og avlaup 2026 vert vedtatt slik den ligg føre (vedlegg)
Handlingsprogrammet vert rullert årleg i samband med økonomiplanen.

## PS 105/2025 Innføring av rentepåslag på startlån

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Austrheim kommune innfører eit rentepåslag på 0,25 prosentpoeng på startlån, for å dekka inn administrative utgifter ved ordninga. Påslaget vert gjort gjeldande på alle nye lån som vert innvilga etter at påslaget er vedteke av kommunestyret.

Austrheim kommune lånte i 2024 inn 10 millionar kroner til nyordninga med startlån til førstegangsetablerarar. Det har vist seg vanskeleg å få lånt ut desse midlane, og det som ikkje er lånt ut eller vil bli lånt ut i 2025, vil bli tilbakebetalt Husbanken som eit ekstraordinært avdrag.

**Sak** 113/2025 Innføring av rentepåslag på startlån
Formannskapet - 27.11.2025

Handsaming:

Sakshandsamar Ketil Tjore gjorde greie for saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i utvalet:
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

**Vedtak i sak 113/2025** Innføring av rentepåslag på startlån
Formannskapet - 27.11.2025

Austrheim kommune innfører eit rentepåslag på 0,25 prosentpoeng på startlån, for å dekka inn administrative utgifter ved ordninga. Påslaget vert gjort gjeldande på alle nye lån som vert innvilga etter at påslaget er vedteke av kommunestyret.

Austrheim kommune lånte i 2024 inn 10 millionar kroner til nyordninga med startlån til førstegangsetablerarar. Det har vist seg vanskeleg å få lånt ut desse midlane, og det som ikkje er lånt ut eller vil bli lånt ut i 2025, vil bli tilbakebetalt Husbanken som eit ekstraordinært avdrag.

## **Sak** 105/2025 Innføring av rentepåslag på startlån

Kommunestyret - 11.12.2025

Handsaming:

Sakshandsamar Ketil Tjore gjorde greie for saka, jamfør saksutgreiinga.

Monika Thorpe (Ap) spurte litt kring ordninga med lån til førstegangsetablarar, og viste til at kravet om eigenkapital kan gjera det vanskeleg å få til ei finansiering dersom det er bodkamp om bustaden, slik at den går ein del over takst. Sakshandsamar Ketil Tjore stadfesta dette, i denne ordninga skal ein ha fem prosent av kjøpesummen som eigenkapital, avgrensa til prisantyding unnateke kostnader. Dersom bustaden går over prisantyding, må kjøparane dekka dette av sin eigenkapital.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

## **Vedtak i sak 105/2025** Innføring av rentepåslag på startlån

Kommunestyret - 11.12.2025

Austrheim kommune innfører eit rentepåslag på 0,25 prosentpoeng på startlån, for å dekka inn administrative utgifter ved ordninga. Påslaget vert gjort gjeldande på alle nye lån som vert innvilga etter at påslaget er vedteke av kommunestyret.

Austrheim kommune lånte i 2024 inn 10 millionar kroner til nyordninga med startlån til førstegangsetablerarar. Det har vist seg vanskeleg å få lånt ut desse midlane, og det som

ikkje er lånt ut eller vil bli lånt ut i 2025, vil bli tilbakebetalt Husbanken som eit ekstraordinært avdrag.

## PS 106/2025 Endring av NGIR sin selskapsavtale - sak til vedtak i eigarkommunane

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Austrheim kommunestyre godkjenner framlegget til revidert selskapsavtale for NGIR. Den reviderte selskapsavtalen skal gjelde frå NGIR sitt årsmøte i juni 2026. Vedtaket vert gjort med atterhald om at alle NGIR sine eigarkommunane gjer vedtak om dei same endringane i selskapsavtalen.

**Sak** 106/2025 Endring av NGIR sin selskapsavtale - sak til vedtak i eigarkommunane
Kommunestyret - 11.12.2025

Handsaming:

Sakshandsamar Ketil Tjore gjorde greie for saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

**Vedtak i sak 106/2025** Endring av NGIR sin selskapsavtale - sak til vedtak i eigarkommunane
Kommunestyret - 11.12.2025

Austrheim kommunestyre godkjenner framlegget til revidert selskapsavtale for NGIR. Den reviderte selskapsavtalen skal gjelde frå NGIR sitt årsmøte i juni 2026. Vedtaket vert gjort med atterhald om at alle NGIR sine eigarkommunane gjer vedtak om dei same endringane i selskapsavtalen.

# PS 107/2025 Styringsgruppa for nytt helse- og omsorgstun - bestillingar til Sweco

Styringsgruppa sitt framlegg til vedtak:
Kommunestyret vedtek å bestilla vidare informasjon og kostnadsanslag frå Sweco om:

1. Eit nytt framlegg for plassering av sjukeheimen på tomt 5: - med eit alternativ der ein legg bygget hovudsakleg på eitt plan (tekniske rom kan ligga i underetasje) - vidare unngå myr så langt det er mogleg Både med: - eit alternativ med plassering delvis over bakre del av dagens motocrossbane, der ein heldt seg til berre areal frå den eine grunneigaren, Kåre Njøten/ gards- og bruksnummer 141/4 - og eit alternativ der ein brukar både areal frå Øyvind Sæthre på 142/7 og Kåre Njøten på 141/4.

2. Eit framlegg for korleis ein skal løysa ei utbygging parallelt med drift, for lokaliteten Nordliheimen.

3. Kostnadsanslag for dei to ulike alternative lokalitetane, basert på kvadratmeterkostnader frå tilsvarande prosjekt.

## **Sak** 107/2025 Styringsgruppa for nytt helse- og omsorgstun - bestillingar til Sweco
Kommunestyret - 11.12.2025

Handsaming:

Leiar i Levekårsutvalet Terje Håland (Ap) la fram innstillinga frå Levekårsutvalet, jamfør saksutgreiinga.

Dag Arne Solberg (H) sa at bestillinga frå styringsgruppa/Levekårsutvalet er ganske open, og at det er uvisst kva kostnader det kan bli dersom ein gjer desse bestillingane. Viste vidare til skriv frå grunneigar Kåre Njøten der han skriv at med denne utbygginga er det ikkje mogleg å driva denne garden. La fram framlegg om at ein ikkje gjer denne bestillinga til Sweco.

Monika Thorpe (Ap) sa at dette er ei stor sak for kommunen, og viste til at Levekårsutvalet har oppmoda til å ta "ein fot i bakken". Er fleire ting her som bør greiast ut meir grundig før ein tek ei avgjerd. Ser utfordringar med drift parallelt med utbygging, det er ni plassar i den delen som skal rivast på Nordliheimen, dette er dei ni plassane som er skjerma.

Per Lerøy (Ap) viste til grunneigar Kåre Njøten sitt innspel, vist til av dag Arne Solberg (H), og sa at Njøten sitt innspel meir refererer til den turstien som er teikna inn på Njøten sitt landbruksareal, og ikkje sjukeheimstomta som ligg på det som i beste fall er beiteareal.

Terje Håland (Ap) sa om plassering av eit mogleg bygg på tomt 5 at dei folkevalde ikkje har gitt Sweco noko konkret føring på kvar ein skal plassera bygget på tomt 5, og at styringsgruppa (samla eller delvis) har ønskte seg fleire svar om kvar på tomt 5 Helsetunet

kan plasserast, kor mange etasjar med meir. Styringsgruppa ønskjer å ha nok kunnskap til at dei kan gje frå seg eit skikkeleg arbeid når ein skal levera dette vidare.

Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) sa at desse bestillingane gjerne kan venta til etter at den kommande skisseprosjektet frå Sweco er klart. Dyrkolbotn sa vidare at det ikkje er sett opp kva dette arbeidet som Levekårsutvalet/styringsgruppa har bestilt skal kosta, burde ikkje det vore innom formannskapet som er økonomiutval?

Dag Arne Solberg (H) sa at ein bør venta på skisseprosjektet, og ikkje gjera ei bestilling no som er ei blankofullmakt til konsulentverksemda.

Reidar Øksnes (Sp) spurte kvar styringsgruppa har henta dette med å bygga eitt plan frå, og meiner at det ikke var vektlagt under gruppearbeidet/idéverkstaden som var for prosjektet tidlegare i haust. Her kommenterte Monika Thorpe (Ap) at ein må tenka praktisk, og på arbeidsbetslastinga for dei som skal jobba der. I gruppearbeidet var det lagt opp til at bygget skulle løysast over to eller tre plan, og det var det deltakarane der svara på.

Kommunedirektør Britt Skaalevik Lerøy sa at ho ventar seg at brukarane av bygget vert tettare involvert etter at skisseprosjektet er klart. Må avklara tydeleg om ein skal stansa skisseprosjektet no, dette må ligga i vedtaket.

Per Lerøy (Ap) viste til at det var synfaring med Levekårsutvalet på tomt 5, der ein peika på ei plassering på tomta, men likevel vart det plassert ein annan stad av Sweco, kva skuldast dette?

Terje Håland (Ap) sa som leiar i Levekårsutvalet at det ikkje er tenkt å stoppa skisseprosjektet, men om ein stemmer for dette frå Levekårsutvalet så kan ein få svara ut meir i skisseprosjektet.

Dag Arne Solberg (H) sa at det ikkje er vist til skisseprosjektet i det vedtaksframlegget som ligg, og synest ikkje det høyrer til å blanda det inn der.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:
Framlegget frå levekårsutvalet/Styringsgruppa fall med åtte mot ni røyster. Mindretalet som røysta for var Ap sine seks representantar (Per Lerøy, Monika Thorpe, Ann-Kristin Leirvåg, Terje Håland, Reidar Ulvøy og Anette Kaland), samt Renee Semmingsen (Samlingslista) og Frank Erik Øksnes (Uavhengig).
Dermed var det fleirtal for framlegget frå Dag Inge Solberg (H): Kommunestyret gjer ikkje nye bestillingar til Sweco.

**Vedtak i sak 107/2025** Styringsgruppa for nytt helse- og omsorgstun - bestillingar til Sweco
Kommunestyret - 11.12.2025

Kommunestyret gjer ikkje nye bestillingar til Sweco.

## PS 108/2025 Austrheim legekontor - vurdering av organisering

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Kommunestyret ber kommunedirektøren om å legga fram ei sak om organisering og drift av legekontoret, i løpet av første halvår i 2026.

Prosessen skal på vanleg måte involvera dei tillitsvalde og vernetenesta.

**Sak** 108/2025 Austrheim legekontor - vurdering av organisering
Kommunestyret - 11.12.2025

Handsaming:

Kommunedirektør Britt Skaalevik Lerøy gjorde greie for saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

**Vedtak i sak 108/2025** Austrheim legekontor - vurdering av organisering
Kommunestyret - 11.12.2025

Kommunestyret ber kommunedirektøren om å legga fram ei sak om organisering og drift av legekontoret, i løpet av første halvår i 2026.

Prosessen skal på vanleg måte involvera dei tillitsvalde og vernetenesta.

# PS 109/2025 Temaplan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for Austrheim kommune del 1 og del 2 godkjenning, og prioriteringsliste for søknader om spelemidlar 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunedirektøren si tilråding

1. Kommunestyret vedtek **«Temaplan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for Austrheim kommune 2025-2035»**.

2. Planen er delt i to deler, og del 2 skal rullerast kvart år. Kommunestyret vedtek handlingsprogrammet i del 2 for år 2026, med prioritering av ordinære anlegg og nærmiljøanlegg som det kan søkjast om spelemidlar til.

Planen er forankra i kommuneplanen sin samfunnsdel 2025-2037 for Austrheim kommune. Grunngjevinga for vedtaket står elles i saksutgreiinga.

## **Sak** 109/2025 Temaplan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for Austrheim kommune del 1 og del 2 godkjenning, og prioriteringsliste for søknader om spelemidlar 2026

Kommunestyret - 11.12.2025

Handsaming:

Plansjef Asbjørn Toft gjorde greie for saka, jamfør saksutgreiinga.

Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) ba om eit gruppeleiarmøte.

Per Lerøy (Ap) sa at planen har blitt bra, med dei innspela som har komme og dei korrigeringar administrasjonen har gjort. Lerøy kommenterte at noko av det som er sett opp som friluftsområde, må ryddast og beitast før det kan brukast. Lerøy sa vidare at turveg Austrheim-Hopland går på kommunal veg, som ikkje treng avtale med grunneigar. Meiner vidare at det må prioriterast i handlingsplanen til kva som bør gjerast først, og som er lettast å få til, Lerøy og Ap meiner at det å gjera ferdig idrettsparken må prioriterast høgt.

Terje Håland (Ap) oppmoda til å stilla i Austrheim IL sin trimkarusell, den første søndagen i månaden. Håland sa vidare at han heiar på breidda av idrett og aktivitet, samstundes er det idrettsparken som må prioriterast øverst å få ferdig. Viste til at det kom kunstgras i 2010, deretter løpebane, flaumlys og klubbhus, men det er framleis ting som står att, som tribune og garderobe i kjellaren på klubbhuset. Om ein skal venta til etter 2035 har det gått 25 år etter at anlegget var ferdig. Meiner det er lagt ned 200.000 dugnadstimar i dette anlegget,

som blir brukt kvar dag heile året. Å få ferdig tribune og garderobe må løftast opp, svært viktig å få dette ferdig.

Reidar Ulvøy (Ap) etterlyste kva som er status for Mongstadbadet, lite informasjon om dette i det siste. Kunne sett dette i samanheng med ny vidaregåande skule, og med eit sikkerhetssenter for offshore, noko som manglar i regionen i dag. Om Mongstadbadet ikkje har komme lengre, er det då mogleg å få dette til i samarbeid med eit sikkerheitssenter og med ein vidaregåande skule?

Det var pause i møtet for gruppemøte.

Bjørn Inge Håland (Sp) la fram vedtaksframlegg på vegner av gruppeleiarane: "Punkt 2: Gruppeleiarane i kommunestyret er godt nøgd med lista over tiltak, men ber kommunedirektøren endra prioriteringslista for handlingsprogram for ordinære anlegg slik at 1. prioritet vert å fullføra Austrheim idrettspark med garderobar og tribuneanlegg. 2. prioritet endrast til kunstgrasbane i 7'ar storleik ved Kaland skule. Resten av lista vert flytta nedover. "

Ingeborg Lohne Hordvik (Samlingslista) spurte om kommunen gjer nok for å legga til rette for frivillig arbeid. Her svara Asbjørn Toft at det er mogleg å henta midlar frå både kommunen og andre, det er mogleg å fåting til.

Per Lerøy (Ap) viste til at det er kring 50 frivillige lag og organisasjonar i kommunen, som saman legg ned utruleg mykje godt arbeid, både idrettslaget og andre.

Renee Semmingsen (Samlingslista) sa at det er mykje bra som ligg i denne planen, kanskje kan ein skapa meir blest om det som er på plass av frivillige lag og organisasjonar, og kva som er mogleg å få til.

Ingeborg Lohne Hordvik (Samlingslista) presiserte at ho ikkje ønskte å setja ulike lag opp mot kvarandre, men at det er viktig å få ut informasjon om kvar ein kan søka pengar, og korleis ein kan komma heilt i mål med ulike prosjekt.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak, med tillegg det vedtaksframlegget som Dyrkolbotn (Sp) la fram på vegner av gruppeleiarane.

## **Vedtak i sak 109/2025** Temaplan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for Austrheim kommune del 1 og del 2 godkjenning, og prioriteringsliste for søknader om spelemidlar 2026
Kommunestyret - 11.12.2025

1. Kommunestyret vedtek «Temaplan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for Austrheim kommune 2025-2035».

2. Planen er delt i to deler, og del 2 skal rullerast kvart år. Kommunestyret vedtek handlingsprogrammet i del 2 for år 2026, med prioritering av ordinære anlegg og nærmiljøanlegg som det kan søkjast om spelemidlar til.

Prioriteringslista i "Handlingsprogram ordinære anlegg, inkludert friluftsliv" skal endrast i tråd med:
1. prioritet vert å fullføra Austrheim idrettspark med garderobar og tribuneanlegg.
2. prioritet endrast til kunstgrasbane i 7'ar storleik ved Kaland skule.
Resten av lista vert flytta nedover.

Planen er forankra i kommuneplanen sin samfunnsdel 2025-2037 for Austrheim kommune. Grunngjevinga for vedtaket står elles i saksutgreiinga.

## PS 110/2025 Tertialrapport 3 med budsjettjustering

1. Kommunestyret tar tertialrapporten og gjeldsrapporten for 3 tertial til vitande.

2. Kommunestyret godkjenner kommunedirektøren sitt forslag til budsjett-justeringer

## **Sak** 110/2025 Tertialrapport 3 med budsjettjustering

Kommunestyret - 11.12.2025

Handsaming:

HR- og økonomisjef Odd Harald Dommersnes orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

- Viste til at korrigeringar på skatt for 2024 gjer at Austrheim kommune blir trekt 12 millionar frå skatteinngangen i 2024, og dette er tatt ut av skatteinngangen i november 2025. Det gjorde at Austrheim kommune no er heilt utan likviditet. Må jobba for å reversera dette, spesielt for mykje trekt skatteutjamning i 2024 og for mykje trekt skatteutjamning for 2025.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

**Vedtak i sak 110/2025** Tertialrapport 3 med budsjettjustering
Kommunestyret - 11.12.2025

- Kommunestyret tar tertialrapporten og gjeldsrapporten for 3 tertial til vitande.
- Kommunestyret godkjenner kommunedirektøren sitt forslag til budsjett-justeringer.

## PS 111/2025 Budsjett 2026 og økonomiplan 2026-2029 - vedtak

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Austrheim kommunestyre vedtek:

1. Kommunestyret vedtek kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett 2026 og handling og økonomiplan 2026-2029 slik det ligg føre.

2. Kommunestyret godkjenner driftsbudsjettet for 2026 slik det går fram av §5-4 løyvingsoversikt drift første ledd.

3. Kommunestyret godkjenner investeringsramma 2026 slik det går fram av §5-5 løyvingsoversikt investering andre ledd.

4. Kommunestyret godkjenner finansiering av investeringsbudsjettet for 2026 slik det går fram av §5-5 løyvingsoversikt investering første ledd.

5. Det vert teke opp kr. 17 814 000,- i lån til å finansiere investeringar i varige driftsmidlar og VA i tråd med investeringsplanen.

6. Investeringsmidlar på VA, sjølvkost, er budsjettert til 15 000 000,- pr. år i økonomiplanperioden 2026-2029.

7. Det vert teke opp lån i Husbanken til vidareformidling (startlån) på inntil kr 7 500 000,-. pr. år i økonomiplanperioden 2026-2029.

8. Økonomiplan for 2026-2029 og årsbudsjett for 2026 blir vedteke, jf. Bevilgningsoversikt drift §5-4 og økonomisk oversikt drift §5-6. Årsbudsjettet for 2026 blir vedteke på sum netto driftsrammer for dei ulike hovudområda.

9.. Finansielle måltal for utvikling av kommunen sin økonomi, jf. kommunelova § 14-2 c), vert lagt opp ut frå slike målsetjingar i kommande fireårsperiode:

a) Netto driftsresultat skal i økonomiplanperioden i snitt vere minimum 1,75% av brutto driftsinntekter, men skal i perioden gå mot eit måltal på 2,5 %.

b) Gjeldsgrad (netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter) på maksimalt 85%.

c) Disposisjonsfondet skal vere på minimum 13% av brutto driftsinntekter.

10. Kommunedirektøren vert gjeven fylgjande fullmakter innanfor budsjettet sine rammer (jf. Økonomireglement og kommunen sitt finansreglement):

a) Budsjettreguleringar som fylgjer av sentrale og lokale lønnsoppgjer.

b) Budsjettreguleringar innanfor sektorane sine rammer.

c) Gjennomføre låneopptak av nye lån og refinansiere tidlegare låneopptak. Her under aksept av lånevilkår og underskrift av gjeldsbrev på vegne av kommunen.

d) Avgjere oppstart av investeringar finansiert av ubundne fond, og sal av driftsmidlar og eigedom.

e) Fordeling av bevilling til småinvesteringar innafor ei ramme på 100 000,- kroner.

f) Regulering av teknisk art innanfor drift og finans.(jf. finansreglementet)

g) Overføre unytta investeringsmidlar frå 2025 til 2026.

11. Kommunedirektøren vert gjeven fullmakt til å ”fryse” budsjettpostar og ledige stillingsheimlar, dersom situasjonen skulle tilseie det.

12. Kommunestyret skriv ut eigedomsskatt på næringseigedom, kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum jf. eigedomsskattelova (esktl.) § 3 første ledd bokstav d.

Eigedomsskattesatsen vert vidareført med 7 promille, jf esktl § 11 første ledd.

Utskrivingsalternativet omfattar også flytande oppdrettsanlegg i sjø, jf. Esktl. § 4 tredje ledd. Takstvedtekter for eigedomsskatt i Austrheim kommune vedtatt i kommunestyret i K[1]sak 083/17 i møte 14.12.2017, skal gjelde for eigedomsskatteåret 2026, jf. esktl. § 10. For eigedomsskatteåret 2025 skal det også skrivast ut eigedomsskatt på eit «særskilt fastsett grunnlag» i tråd med overgangsregelen eigedomsskattelova §§ 3 og 4 første ledd.

Eigedomsskatten vert skriven i to (2) terminar per år, jfr. Esktl paragraf 25 fyrste ledd i samband med kommunale avgifter.

Siste alminnelege taksering i kommunen vart gjennomført i 2016.

13. Det vert gjeve ei ramme på kr 1.203.286- til kontrollutvalet.

14. Austrheim kommune gjev driftstilskot til følgjande organisasjonar:

a. Austrheim Kyrkjelege Fellesråd kr 4 000 000,-

b. TV-aksjonen kr 30 000,-

15. Investeringstilskot til Austrheim kyrkjelege fellesråd kroner 150 000,- kvart av åra i økonomiplanperioden

16. Skatteøre vert sett lik maksimal sats i samsvar med Stortinget sitt vedtak om kommunalt skatteøre.

17. Godtgjersle til ordførar blir sett til same løn som stortingsrepresentantar og løn til varaordførar er 12 % av ordførar si løn for 2026. Stortinget sin lønskommisjon gjer årleg framlegg i innstilling om godtgjersle for stortingsrepresentantane og løna til ordførar og varaordførar regulerast per mai 2026 i samsvar med endringar i løn til stortingsrepresentantar.

18. Marginavsetning av innbetalt skattebeløp blir sett til 10 %.

19. Kommunestyret godkjenner at avdrag vert betalt i tråd med kommunelova §14-18.

20. «Gebyr- og betalingssatsar 2026» vert vedtekne slik dei ligg føre.

## Sak 118/2025 Budsjett 2026 og økonomiplan 2026-2029 - vedtak

Formannskapet - 27.11.2025

Handsaming:

Økonomi- og HR-sjef Odd Harald Dommersnes orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

- Frank Erik Øksnes (Uavh) sa at det er viktig for det vidaregåande tilbodet i Austrheim, og regionen elles, at ein tar i mot lærlingar.
- Per Lerøy (Ap) viste til at med eit måltal på 1 lærling per 500 innbyggarar så er måltalet for Austrheim 6 lærlingar.
- Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) sa at det er eit samfunnsansvar å ta på seg utdanning av lærlingar og det kostar pengar.
- Ann-Kristin Leirvåg (Ap) sa at lærlingar er veldig viktige, kanskje meir enn Taf-elevar. Her kommenterte Per Lerøy (Ap) at Taf Helse--elevar også er viktige, kan vera at dei forsvinn etter læretida, men dei kan også komma tilbake som sjukepleiar eller lege.
- Kommunedirektør Britt S. Lerøy viste til at det kostar ein del pengar å ha lærlingar, mellom anna til opplæring, og i dagens økonomiske situasjon må ein prioritera, utan at det er bestemt noko tal.
- Frank Erik Øksnes (Uavh) viste til at lærlingar også er ein ressurs, det stadfesta Odd Harald Dommersnes som viste til at siste års lærlingar også kan gå inn som vikarar.
- Per Lerøy (Ap) ba om at administrasjonen kjem tilbake til politisk med spørsmålet om kor mange lærlingar ein skal ta inn.

- Formannskapet diskuterte søknaden frå Fonnes Bygdelag om 250.000 kroner til deira prosjektet, det vart diskutert korleis ein kan støtta dette, til dømes ved å omdisponera 250.000 som er budsjettert til opprusting av Hoplandskvernene/sag. Eige saksframlegg vart formulert:
  "Formannskapet går inn for å gje 250.000 kroner til Fonnes bygdelag som støtte til:
  - Strandpromenade i Nordre Fonnesvågen – 200.000 kroner
  - Badstove i Ervika, 50.000 kroner
  Løyvinga vert finansiert ved å omdisponera 250.000 kroner frå det som er sett av til Hoplandskvernene og sagbruket."

- Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn ba om at kommunedirektøren ser på korleis ein kan driva legekontoret rimelegare. Kjem med eige innspel om dette til kommunestyret 11. desember.

- Økonomi- og HR-sjef Odd Harald Dommersnes sa at det er nøkterne innspel som har komme, opplever at det er forståing for at kommunen må gjera prioriteringar

Ordførar Morten Sognnes

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i utvalet:
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

## **Vedtak i sak 118/2025** Budsjett 2026 og økonomiplan 2026-2029 - vedtak
Formannskapet - 27.11.2025

Austrheim kommunestyre vedtek:

1. Kommunestyret vedtek kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett 2026 og handling og økonomiplan 2026-2029 slik det ligg føre.

2. Kommunestyret godkjenner driftsbudsjettet for 2026 slik det går fram av §5-4 løyvingsoversikt drift første ledd.

3. Kommunestyret godkjenner investeringsramma 2026 slik det går fram av §5-5 løyvingsoversikt investering andre ledd.

4. Kommunestyret godkjenner finansiering av investeringsbudsjettet for 2026 slik det går fram av §5-5 løyvingsoversikt investering første ledd.

5. Det vert teke opp kr. 17 814 000,- i lån til å finansiere investeringar i varige driftsmidlar og VA i tråd med investeringsplanen.

6. Investeringsmidlar på VA, sjølvkost, er budsjettert til 15 000 000,- pr. år i økonomiplanperioden 2026-2029.

7. Det vert teke opp lån i Husbanken til vidareformidling (startlån) på inntil kr 7 500 000,-. pr. år i økonomiplanperioden 2026-2029.

8. Økonomiplan for 2026-2029 og årsbudsjett for 2026 blir vedteke, jf. Bevilgningsoversikt drift §5-4 og økonomisk oversikt drift §5-6. Årsbudsjettet for 2026 blir vedteke på sum netto driftsrammer for dei ulike hovudområda.

9. Finansielle måltal for utvikling av kommunen sin økonomi, jf. kommunelova § 14-2 c), vert lagt opp ut frå slike målsetjingar i kommande fireårsperiode:

a) Netto driftsresultat skal i økonomiplanperioden i snitt vere minimum 1,75% av brutto driftsinntekter, men skal i perioden gå mot eit måltal på 2,5 %.

b) Gjeldsgrad (netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter) på maksimalt 85%.

c) Disposisjonsfondet skal vere på minimum 13% av brutto driftsinntekter.

10. Kommunedirektøren vert gjeven fylgjande fullmakter innanfor budsjettet sine rammer (jf. Økonomireglement og kommunen sitt finansreglement):

a) Budsjettreguleringar som fylgjer av sentrale og lokale lønnsoppgjer.

b) Budsjettreguleringar innanfor sektorane sine rammer.

c) Gjennomføre låneopptak av nye lån og refinansiere tidlegare låneopptak. Her under aksept av lånevilkår og underskrift av gjeldsbrev på vegne av kommunen.

d) Avgjere oppstart av investeringar finansiert av ubundne fond, og sal av driftsmidlar og eigedom.

e) Fordeling av bevilling til småinvesteringar innafor ei ramme på 100 000,- kroner.

f) Regulering av teknisk art innanfor drift og finans.(jf. finansreglementet)

g) Overføre unytta investeringsmidlar frå 2025 til 2026.

11. Kommunedirektøren vert gjeven fullmakt til å ”fryse” budsjettpostar og ledige stillingsheimlar, dersom situasjonen skulle tilseie det.

12. Kommunestyret skriv ut eigedomsskatt på næringseigedom, kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum jf. eigedomsskattelova (esktl.) § 3 første ledd bokstav d.

Eigedomsskattesatsen vert vidareført med 7 promille, jf esktl § 11 første ledd.

Utskrivingsalternativet omfattar også flytande oppdrettsanlegg i sjø, jf. Esktl. § 4 tredje ledd. Takstvedtekter for eigedomsskatt i Austrheim kommune vedtatt i kommunestyret i K[1]sak 083/17 i møte 14.12.2017, skal gjelde for eigedomsskatteåret 2026, jf. esktl. § 10. For eigedomsskatteåret 2025 skal det også skrivast ut eigedomsskatt på eit «særskilt fastsett grunnlag» i tråd med overgangsregelen eigedomsskattelova §§ 3 og 4 første ledd.

Eigedomsskatten vert skriven i to (2) terminar per år, jfr. Esktl paragraf 25 fyrste ledd i samband med kommunale avgifter.

Siste alminnelege taksering i kommunen vart gjennomført i 2016.

13. Det vert gjeve ei ramme på kr 1.203.286- til kontrollutvalet.

14. Austrheim kommune gjev driftstilskot til følgjande organisasjonar:

a. Austrheim Kyrkjelege Fellesråd kr 4 000 000,-

b. TV-aksjonen kr 30 000,-

15. Investeringstilskot til Austrheim kyrkjelege fellesråd kroner 150 000,- kvart av åra i økonomiplanperioden

16. Skatteøre vert sett lik maksimal sats i samsvar med Stortinget sitt vedtak om kommunalt skatteøre.

17. Godtgjersle til ordførar blir sett til same løn som stortingsrepresentantar og løn til varaordførar er 12 % av ordførar si løn for 2026. Stortinget sin lønskommisjon gjer årleg framlegg i innstilling om godtgjersle for stortingsrepresentantane og løna til ordførar og varaordførar regulerast per mai 2026 i samsvar med endringar i løn til stortingsrepresentantar.

18. Marginavsetning av innbetalt skattebeløp blir sett til 10 %.

19. Kommunestyret godkjenner at avdrag vert betalt i tråd med kommunelova §14-18.

20. «Gebyr- og betalingssatsar 2026» vert vedtekne slik dei ligg føre.

21. Formannskapet går inn for å gje 250.000 kroner til Fonnes bygdelag som støtte til:
- Strandpromenade i Nordre Fonnesvågen – 200.000 kroner
- Badstove i Ervika, 50.000 kroner
Løyvinga vert finansiert ved å omdisponera 250.000 kroner frå det som er sett av til Hoplandskvernene og sagbruket.

## **Sak** 111/2025 Budsjett 2026 og økonomiplan 2026-2029 - vedtak

Kommunestyret - 11.12.2025

Handsaming:

HR- og økonomisjef Odd Harald Dommersnes orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ba om at det vert teke inn i protokollen at ein legg opp til ei justering av "Gebyr og betalingssatsar 2026", for å skjerma dei minste bustadene frå den største auken. Dette kan kommunedirektøren komma tilbake til med ei sak i 2026, i samband med den første budsjettjusteringa.

Renee Semmingsen (Samlingslista) løfta fram eit innspel frå RMNF om fritidskontaktar. Meiner det gamle namnet støttekontakt er meir dekkande. For dei som har denne tenesta

handlar det om å vera sosial, rettleing, førebygging med meir. Pårørande får avlasting, personar med demens kan bu heime lengre. Dei som jobbar som fritidskontakt kan ofte utnytta den restarbeidsevna dei har. Oppteken av at fritidskontakt er ein viktig del av omsorgstrappa. Når dette skal ha finansiering, kan me kutta ut møtemat utanom jul og sommar? Frysa godtgjeringane våre (men ikkje ungdomsrådet - rekruttering til politisk arbeid). Viktig at ein klarer å oppretthalda tilbodet slik det har vore for dei som har hatt frtidskontakt, heller vurdera annleis for nye søkarar. Synest det er tungt å høyra om mottakarar som har gått frå 24 til 10 timar med fritidskontakt.

Reidar Øksnes (Sp) la fram framlegg om å frysa godtgjering i 2026 for å finansiera at ein opprettheld tilbodet til dei som har fritidskontakt. Usikker på om det er nok, men kan ein ev. ta av uventa inntekter? Framlegget er slik: "Forslag fra Austrheim Senterparti. Austrheim Senterparti vil vidareføra ordninga med fritidskontakt i 2026, lik det den er for 2025. Inndekning kan skje ved redusert auke i møtegodtgjersla for oppmøte i råd og utval, eller ved bruk av eventuelle auka tildelingar/inntekter."

Aslak Andre Bakke (H) sa at det trengs meir kunnskap om kva som skuldast avviket på skatteinngangen.

Odd Harald Dommersnes sa at det er lagt inn ein auke i løyvinga til fritidskontakt, det som blir diskutert her er timetalet for den enkelte brukar. Kutt i møtegodtgjering er ikkje nok til å dekka dette, viktig at ein finn reell inndekking for vedtak.

Per Lerøy (Ap) sa at ein kan støtta framlegget så Austrheim Sp, men rådde frå å frysa møtegodtgjeringa. Dette har ein tidlegare gjort, det gav eit etterslep. Spurte om det er er ekstramidlar som kan disponerast, økonomisjef Dommersnes sa at ekstramidlar er disponert tidlegare.

Aslak Andre Bakke (H) spurte om det er timetal eller løyving som ein ønskjer å auka, her sa økonomisjef Dommersnes at det må nesten forslagsstillar svara for.

Renee Semmingsen (Samlingslista) sa at ein ønskjer å oppretthalda same timetal som før, då må ein auka potten til denne tenesta, om skal ein klara det.

Økonomisjef Dommersnes oppmoda kommunestyret til å be kommunedirektøren til å komma tilbake med ei sak om Fritidskontakt, timar og finansiering.

Reidar Øksnes (Sp) sa at det er ønske frå brukarane om å ha same timetal i 2026 som i 2025. Timetalet vil i neste omgang krevja midlar. Takka ja til å få tilbake ei sak i 2026 om dette med timetal og kostnad.

Per Lerøy (Ap) sa at det som er sagt er at ein ønskjer å oppretthalda det timetalet som var ved inngangen av 2025, så får ein heller vera strengare for vedtak som er for nye brukarar.

Aslak André Bakke (H), spurte om det ikkje er vedteke tidlegare at ein ikkje skal endra dette tilbodet.

Kommunedirektør Britt Skaalevik Lerøy viste til tidlegare diskusjonar om dette i kommunestyret. Dette er enkeltvedtak for kvar brukar, vurdert ut frå den enkelte sin situasjon. Ser for seg individuell vurdering som før, men innanfor ei ramme.

Reidar Øksnes (Sp) sa at kommunestyret skal vakta seg frå å gå inn i enkeltvedtak. Samstundes er signalet så klart frå kommunestyret på kva ein vil med dette. Når ramma auka må det vera rom for å oppretthalda tilbodet som før, og viser det seg at det er for lita ramme her så må ein komma tilbake til kommunestyret med ei sak på dette. Trekker framlegget sitt for no.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

## **Vedtak i sak 111/2025** Budsjett 2026 og økonomiplan 2026-2029 - vedtak
Kommunestyret - 11.12.2025

Austrheim kommunestyre vedtek:

1. Kommunestyret vedtek kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett 2026 og handling og økonomiplan 2026-2029 slik det ligg føre.

2. Kommunestyret godkjenner driftsbudsjettet for 2026 slik det går fram av §5-4 løyvingsoversikt drift første ledd.

3. Kommunestyret godkjenner investeringsramma 2026 slik det går fram av §5-5 løyvingsoversikt investering andre ledd.

4. Kommunestyret godkjenner finansiering av investeringsbudsjettet for 2026 slik det går fram av §5-5 løyvingsoversikt investering første ledd.

5. Det vert teke opp kr. 17 814 000,- i lån til å finansiere investeringar i varige driftsmidlar og VA i tråd med investeringsplanen.

6. Investeringsmidlar på VA, sjølvkost, er budsjettert til 15 000 000,- pr. år i økonomiplanperioden 2026-2029.

7. Det vert teke opp lån i Husbanken til vidareformidling (startlån) på inntil kr 7 500 000,-. pr. år i økonomiplanperioden 2026-2029.

8. Økonomiplan for 2026-2029 og årsbudsjett for 2026 blir vedteke, jf. Bevilgningsoversikt drift §5-4 og økonomisk oversikt drift §5-6. Årsbudsjettet for 2026 blir vedteke på sum netto driftsrammer for dei ulike hovudområda.

9. Finansielle måltal for utvikling av kommunen sin økonomi, jf. kommunelova § 14-2 c), vert lagt opp ut frå slike målsetjingar i kommande fireårsperiode:

a) Netto driftsresultat skal i økonomiplanperioden i snitt vere minimum 1,75% av brutto driftsinntekter, men skal i perioden gå mot eit måltal på 2,5 %.

b) Gjeldsgrad (netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter) på maksimalt 85%.

c) Disposisjonsfondet skal vere på minimum 13% av brutto driftsinntekter.

10. Kommunedirektøren vert gjeven fylgjande fullmakter innanfor budsjettet sine rammer (jf. Økonomireglement og kommunen sitt finansreglement):

a) Budsjettreguleringar som fylgjer av sentrale og lokale lønnsoppgjer.

b) Budsjettreguleringar innanfor sektorane sine rammer.

c) Gjennomføre låneopptak av nye lån og refinansiere tidlegare låneopptak. Her under aksept av lånevilkår og underskrift av gjeldsbrev på vegne av kommunen.

d) Avgjere oppstart av investeringar finansiert av ubundne fond, og sal av driftsmidlar og eigedom.

e) Fordeling av bevilling til småinvesteringar innafor ei ramme på 100 000,- kroner.

f) Regulering av teknisk art innanfor drift og finans.(jf. finansreglementet)

g) Overføre unytta investeringsmidlar frå 2025 til 2026.

11. Kommunedirektøren vert gjeven fullmakt til å ”fryse” budsjettpostar og ledige stillingsheimlar, dersom situasjonen skulle tilseie det.

12. Kommunestyret skriv ut eigedomsskatt på næringseigedom, kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum jf. eigedomsskattelova (esktl.) § 3 første ledd bokstav d.

Eigedomsskattesatsen vert vidareført med 7 promille, jf esktl § 11 første ledd.

Utskrivingsalternativet omfattar også flytande oppdrettsanlegg i sjø, jf. Esktl. § 4 tredje ledd. Takstvedtekter for eigedomsskatt i Austrheim kommune vedtatt i kommunestyret i K[1]sak 083/17 i møte 14.12.2017, skal gjelde for eigedomsskatteåret 2026, jf. esktl. § 10. For eigedomsskatteåret 2025 skal det også skrivast ut eigedomsskatt på eit «særskilt fastsett grunnlag» i tråd med overgangsregelen eigedomsskattelova §§ 3 og 4 første ledd.

Eigedomsskatten vert skriven i to (2) terminar per år, jfr. Esktl paragraf 25 fyrste ledd i samband med kommunale avgifter.

Siste alminnelege taksering i kommunen vart gjennomført i 2016.

13. Det vert gjeve ei ramme på kr 1.203.286- til kontrollutvalet.

14. Austrheim kommune gjev driftstilskot til følgjande organisasjonar:

a. Austrheim Kyrkjelege Fellesråd kr 4 000 000,-

b. TV-aksjonen kr 30 000,-

15. Investeringstilskot til Austrheim kyrkjelege fellesråd kroner 150 000,- kvart av åra i økonomiplanperioden

16. Skatteøre vert sett lik maksimal sats i samsvar med Stortinget sitt vedtak om kommunalt skatteøre.

17. Godtgjersle til ordførar blir sett til same løn som stortingsrepresentantar og løn til varaordførar er 12 % av ordførar si løn for 2026. Stortinget sin lønskommisjon gjer årleg framlegg i innstilling om godtgjersle for stortingsrepresentantane og løna til ordførar og varaordførar regulerast per mai 2026 i samsvar med endringar i løn til stortingsrepresentantar.

18. Marginavsetning av innbetalt skattebeløp blir sett til 10 %.

19. Kommunestyret godkjenner at avdrag vert betalt i tråd med kommunelova §14-18.

20. «Gebyr- og betalingssatsar 2026» vert vedtekne slik dei ligg føre.

21. Formannskapet går inn for å gje 250.000 kroner til Fonnes bygdelag som støtte til:
- Strandpromenade i Nordre Fonnesvågen – 200.000 kroner
- Badstove i Ervika, 50.000 kroner
Løyvinga vert finansiert ved å omdisponera 250.000 kroner frå det som er sett av til Hoplandskvernene og sagbruket.